

Innkalling til ekstraordinært årsmøte for Norheimsund Indremisjon

Det vert med dette kalla inn til ekstraordinært årsmøte i Norheimsund Indremisjon, 10. august kl. 19.30. Formålet er å sikre finansieringa av ombyggingsarbeidet som er gjort på bedehuset.

Sak 1. Val av møteleiar og skrivar

Sak 2. Låneopptak til finansiering av kjøkken, lagerrom og kontor

Det siste halvanna året har det vore gjort eit stort arbeid med ombygging av både det vesle kjøkkenet oppe og hovudkjøkkenet på bedehuset. Kjøkkena framstår no som nye, fine og tenlege! I tillegg er det bygd nytt lagerrom i kjellaren og kontoret til Vidar Sangolt er bygd om. Det aller meste av ombyggingsarbeidet er gjort på dugnad, og for hovudkjøkkenet utgjer dette omlag 1850 timar. Det er imponerande! Me i styret for Indremisjonen vil gjerne seie tusen takk til alle for denne innsatsen, og ikkje minst til dei som har leia oss gjennom dette arbeidet.

Det har vore ei økonomigruppe som har jobba med finansiering. Det er sendt mange brev til enkeltpersonar, bedrifter og stiftingar, og det er skipa til fleire bedehuskveldar med loddtrekning. Til saman er det samla inn over kr. 270 000,-. Tusen takk til økonomikomiteen for dette! Og tusen takk til alle som har gjeve gåver til kjøkenoppussinga! Ut frå dette er me visse på at me over tid skal klare å samle inn dei midlane som me treng.

Me ser også at hovudkjøkkenet vert dyrare enn første kostnadsoverslag på kr. 725 000,-. I tillegg kjem vesle kjøkenet på kr. 162 000,- og det er også kjøpt inn kjøkenutstyr og gjort andre ombygningar på huset. Me vil gjere kostnadane kjent via oppslag på bedehuset og på bedehusweb.no i løpet av juli.

For å kome i hamn med finansieringa, ønskjer me ta opp eit banklån. Det er ikkje gjort eksplisitte vedtak i tidlegare årsmøte om låneopptak. Eit slikt vedtak gjerast for å få lån i banken.

Vedtak

Ekstraordinært årsmøtet i Norheimsund Indremisjon 2016 gjev styret fullmakt til å ta opp nytt lån i Sparebanken Vest på inntil kr. 500 000,-. Føremålet med lånet er å slutføre oppussinga av kjøkken. Nedbetalingstida er fem år, og det skal stillast pant i fast eigedom gnr 11 bnr 103 i Kvam. Pantet skal sikre dette konkrete låneopptaket.

Sak 3. Finansiering av banklånet

Me inviterer til samtale vedrørande finansiering av banklånet. Me vonar at me kan finne ulike måtar å gjennomføre finansieringa på, slik at me kan bidra på den måten som me tykkjer passer best. Noko har me peikt på nedanfor, men anna kan også seiast.

Ei ekstra gåve er eit alternativ. Me er omlag 200 medlemmer. Dersom kvar medlem i løpet av eit år gir ei ekstra gåve på kr. 2500,-, vil lånet vere betalt tilbake.


Eit anna alternativ kan vere at ein gir private lån til bedehuset i staden for at pengene står i banken. Lånet vert innfridd etter ønske – eller det kan også gjerast om til gåve. Det er også viktig å presisere at bedehuset ikkje kan stille garantiar for slike lån.

Eit tredje alternativ er at me spør enkeltpersonar som påtek seg å fylle opp forpliktingar med lånet, totalt ca 10.000 kr/månad. Viss 20 personar gjev fast 500 kr/månad i 4 år, så dekkjer det tilbakebetaling av lånet. Dette er gåver som er haldne utanfor/i tillegg til den ordinære drifta.

Vel møtt!

Norheimsund, 24.06.16

Mvh
for Norheimsund indremisjon



Harald Voster, leiar



Tore Skeie, nestleiar